

# «Ingen kan redde alle. Men alle kan redde nokon»

Johnie Woja (27) har akkurat levert mastergraden sin. Det var mogleg takka vere Bjørn Inge Geithus. – Å hjelpe andre gir livet meir meining, seier Geithus.

## REPORTASJE



TEKST:  
Marie  
Havnen

**E**in mardag 2009, Førde. Ein inspektør ved United World College (UWC) i Flekke ringer til Bjørn Inge Geithus som driv Førde Gjestehus og Camping. Han har eit problem. Ein gut frå Sør-Sudan er ferdig med vidaregåande skule i Flekke og har fått stipend til å studere vidare i USA til hausten. Han kan ikkje reise heim i mellomtida, der rasar borgarkrigen. Skulen sluttar om 14 dagar. Inspektøren lurar på om Bjørn Inge har arbeid og husly til guten. – Kva gjer vi, spør inspektøren.

– Vi? spør Bjørn Inge med eit flir. Det er ikkje hans problem. Men han seier at guten kan ta ein tur, så kan dei sjå.

Det viser seg raskt at John Nicholas Woja, eller Johnie som han går under, er ein fantastisk kjekkar. Han og Bjørn Inge finn tonen med ein gong. Johnie er innstilt på å bu i telt på campingplassen gjennom sommaren, men Bjørn Inge ryddar plass og innkvarterer guten på eit rom. Johnie arbeidde med det som til ei kvar tid må gjerast og følgde stort sett Bjørn Inge gjennom dagane.

Johnie får lønn og matpengar, så han skal sleppe å bruke lønna si på mat. Slik får han plass å bu, samt noko å bruke sommaren til, medan han ventar på studiestart i USA i september.

**OM SOMRANE** går Bjørn Inge mykje i fjellet. Denne sommaren tek han med seg Johnie.

– På fjellet går ein i passe tempo og får kommunisert skikkeleg. Vi snakka verkeleg om alt mogleg og fekk nær kontakt, seier Bjørn Inge.

Gjennom samtalanane på fjellet kjem det fram at Johnie er uroa for søster si, Mary Ann, heime i byen Yei i Sør-Sudan. Ho har nettopp gått gjennom ein hjarteoperasjon, går heime i tunet, men vil så gjerne ta vidaregåande skule. Dessutan er Mary Ann, som Johnie sjølv, ein flittig elev og den beste i klas-

sen. Kva kostar dette då, undrar Geithus. 1200 kroner per termin, som det er tre av i eit skuleår. Det var ein relativt liten sum for ein nordmann, tenker Bjørn Inge og tilbyr seg å betale. Johnie blir overraska og glad.

– Dei fleste tenker at dei betaler skatt og at staten tar seg av u-hjelpe frå Norge. Eg tenker at det også er eit personleg ansvar, seier Bjørn Inge.

Samlar ein for mange pengar ein stad blir det berre forureining meiner han. Men strør du dei ut til dei som ikkje har noko, får dei sjansen til å spire opp. Bjørn Inge trur nemleg at det finst tusenvis av Einsteinar, Newtons og Mozartar rundt om.

– Dei er tilfeldigvis fødte på feil tidspunkt i feil land.

**SØR-SUDAN ER** ifølge NORAD eit av verdas fattigaste land. Som følge av konflikten og den humanitære krisa, blei landet i juli 2014 definert som verdas mest sårbare stat av FN. Dei humanitære utfordringane er enorme og blir av FN sidestilt med Syria og Kongo.

Då Johnie reiste frå Norge til USA for å studere internasjonal økonomi ved Clark University i Massachusetts, heldt han og Bjørn Inge kontakten gjennom Skype og nettet. I 2013 leverte Johnie bacheloroppgåva si. Å få jobb i USA utan ein mastergrad i ryggen, er vanskeleg ifølge Johnie. Difor diskuterte Bjørn Inge og Johnie moglegheitene hans. Fordi Johnie ikkje er amerikansk statsborgar fekk han ikkje studielån. Heller ikkje lån i banken eller stipend. Dermed såg det mørkt ut. Bjørn Inge bad Johnie sjekke kva det kosta. Med ein viss rabatt frå universitetet kunne Johnie sleppe unna med 200 000 kroner i skulepengar. Det ville Bjørn Inge låne han, med tilbakebetaling på sikt.

– Han er ein A-student. Han tar ting raskare enn nokon eg kjenner. Eg gav han ein føresetnad; at eg blir invitert til graduation-seremonien. Vi må jo sette farge på livet og oppleve litt utanfor standarden, seier Bjørn Inge med eit smil.

Johnie skildrar Bjørn Inge som både ven, mentor og familie.

– Familie er ikkje berre av blod, men dei som kjem inn i livet ditt og er der i gode og vonde dagar. Dei oppmuntrar deg og vil at du skal oppfylle draumane dine. Bjørn har vore avgjerande for utdanninga mi og har ønskt at eg skulle lukkast, sidan vi møttest i Førde, seier han.



«Med ei normal inntekt og eit normalt forbruk, kan du gjere ein forskjell. Du treng ikkje vere rik. Den største gleda er å gi»

Bjørn Inge Geithus

**GODE SAMTALAR:** Sommaren då Johnie Woja budde på campingplassen, hadde han og Bjørn Inge mange turar og gode samtalar på fjellet. Her er dei på Hjellestølen. – Eg set stor pris på tida eg brukte på fjellturar og sykling i Førde, og alle dei kjekke folka eg møtte. Bjørn Inge er ein inspirasjon og motivator som fekk meg til å elske fjellturar, seier Johnie i dag. **ALLE FOTO: PRIVAT**



**BJØRN INGE** er glødande samfunnsengasjert. Han er oppteken av internasjonal politikk og les mykje aviser. Langt meir enn dei heime synest er ok, ifølgje mannen sjølv. Han er glad i å reise og har vore i over 30 land. Blant anna har han fleire gonger besøkt fadderbarna sine. Per i dag er Bjørn Inge og familien fadder for ein gut i Mongolia og ein på Filippinane. Gleda av å hjelpe andre har han også overført til arbeidsplassen. Som Miljøfyrtårnsbedrift har Førde Gjestehus og camping blant anna fokus på å

sortere ut pant frå restavfall. Det gjer at dei samlar 500-600 kroner i månaden frå panteflasker. Dermed kunne campingplassen knyte til seg to fadderbarn gjennom Plan Norge. I vår besøkte Geithus Alyssa (9), Rhian (10) og familiane deira på Filippinane.

– Det var fantastisk! Filippinane er eit fascinerande land. Eg opplever det som trygt å reise i, samtidig som det er fattig. Det er katolsk og få kulturelle kollisjonar, seier Bjørn Inge.

Med fadderbarna, Johnie og søstera og fleire tidlegare UWC-elevar dei har vore vertsfamilie for, meiner Bjørn Inge at familien blir utvida.

– Eg får vennskap, sannsynlegvis for livet. Det er interessant og gir auka mening til livet. Eg er heldig som har tre ungar som er friske og har det godt. Dette gir ein ekstra dimensjon, det gjer livet rikare.

Bodskapen hans er enkel. Ingen kan redde alle, men alle kan redde nokon.



**VILKÅRET:** Bjørn Inge Geithus hjelper Johnie Woja med finansiering av mastergraden med eitt vilkår. – At eg fekk vere med på graduation! Vi må sette farge på livet og gjere ting utanom det vanlege, seier Bjørn Inge. 17. mai var ein stor dag for begge.

Slik tenker han og slik lever han. For Bjørn Inge er det viktig å understreke at han har ei heilt alminneleg inntekt.

– Med ei normal inntekt og eit normalt forbruk, kan du gjere ein forskjell. Du treng ikkje vere rik. Den største gleden er å gi.

I staden for å kjøpe hytte på fjellet, ved sjøen eller i syden, brukar han pengane anleis.

– Du får ikkje med deg noko når du forlèt denne verda.

**NOVEMBER 2011, Førde.** Ein haustkveld får Bjørn Inge ei sterk påminning om akkurat det. Han var i gymsalen på Flatene skule og spelte innebandy med kompisar. Plutselig kjende han seg dårleg. Hjartefarktet var eit faktum. Han blei sendt med luftambulans til Haukeland og hasteroperert.

Systemet fungerte optimalt, operasjonen gjekk bra og etter tre veker var Bjørn Inge tilbake på jobb.

– Når du har opplevd noko slikt får du sett livet i perspektiv. Når du har rusla langs dødens

elv stiller du deg spørsmålet; kva har eg gjort i livet? Og ikkje minst; korleis vil eg bruke livet vidare? Eg vil bidra med noko som kan bety noko for andre, seier Bjørn Inge.

Han anbefaler alle å bli vertsfamilie for UWC-elevar, og lovar nye impulsar og spenning.

**17. MAI 2015, Massachusetts, USA.** Dagen då 2200 studentar feirar at dei har ein bachelorgrad og 1000 ein mastergrad ved Clark University. På graduation-seremonien sit ein familie frå Førde. Johnie Woja kjem gåande i graset i svart kappe og med svart hue. Det er taler, utnemning av æresdoktorar og seremoniar for masterstudentane, både i gymsalen og i teltet utanfor universitetet. Det er litt som på film, meiner Bjørn Inge. Ein ting er sikkert, Johnie Woja hadde ikkje stått her smilande i kapp med ein master i offentleg administrasjon, om det ikkje hadde vore for Bjørn Inge. Han har vore vatnet spiren trengde for å vekse.

– Det kjennest flott å ha levert masteroppgåva. Eg føler at eg har utretta noko stort, som eg

ikkje ein gong ville ha drøymt om viss du spurde meg for nokre år sidan. Eg kjenner meg heldig, for det er mange som ikkje ein gong får ta grunnskuleutdanning, seier Johnie.

På sikt er ønsket å flytte tilbake til Sør-Sudan og vere med å bygge opp att landet. Men først vil han ta doktorgrad og jobbe i USA for å samle arbeidserfaring.

– Eger på eit stadium i livet der eg er trygg på verda rundt meg og kjenner meg motivert og klar for eit nytt kapittel. No vil eg bruke utdanninga mi til å inspirere folk til å gjere ein forskjell.

**«Når du har rusla langs dødens elv stiller du deg spørsmålet; kva har eg gjort i livet?»**

Bjørn Inge Geithus